



Valregelement for Studenttinget ved Høgskulen i Volda

Sist revidert 31.01.18

1 **§ 1 Val til Studenttinget i Volda**

2 **§ 1-1 Valmåte og samansetjing av Studenttinget**

3 Studenttingsvalet føregår kvart år ved studiestart. Valet skal føregå anonymt og elektronisk.
4 Representantane vert valde for eitt studieår. Arbeidsutvalet i STiV er ansvarleg for
5 gjennomføringa av valet.

6

7 Samansetjinga av Studenttinget vert regulert av vedtektene til Studenttinget, § 5-1. Det skal
8 veljast 11 studenttingsrepresentantar og 11 varaer. Desse fordeler seg slik: kvar av dei fire
9 avdelingane ved Høgskulen røystar fram to representantar. Dei tre som ut ifrå prosentvis
10 oppslutning får tredjeplass i sin avdeling, får tildelt plass som fri representant. Når dei faste
11 representantane er på plass, vert vara-plassane fylt opp på tilsvarande måte.

12

13 **§ 1-2 Røysterett og valbarheit**

- 14 a) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda har røysterett ved studenttingsvalet.
15 b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

16

17 **§ 1-3 Røystelikskap**

18 Ved røystelikskap vert det avhalde omval mellom dei berørte kandidatane, der Arbeidsutvalet
19 i Studenttinget (AU) er valkrins. AU har då høve til å ha samtalar med kandidatane.

20

21 **§ 1-4 Fristar**

- 22 a) Valet skal gjennomførast innan utgangen av september kvart år.
23 b) Valtidspunkt skal annonserast minst ei veke før valet vert gjennomført.
24 c) Kandidatar kan melde seg fram til dagen før avstemminga byrjar.

25

26 **§ 1-5 Suppleringsval**

27 Suppleringsval vert gjennomført etter behov. Studenttinget er valkrins. Vararepresentantar
28 rykkjer då opp, og det blir supplert frå botnen. Arbeidsutvalet i STiV annonserer
29 suppleringsvalet, finn kandidatar og innstiller på nye (vara)representantar for Studenttinget.

30

31 **§ 2 Val til Arbeidsutvalet i STiV**

32 **§ 2-1 Valmåte og samansetjing av Arbeidsutvalet**

33 Studenttinget vel nytt arbeidsutval kvart år i april. Representantane vert valde for eit år. Valet
34 vert gjennomført som urneval, og alminneleg fleirtal gjeld. Akklamasjon vert ikkje godkjent.
35 Studenttinget set ned eit teljekorps før avstemminga. Kandidatane kan halde valtale, og det
36 skal opnast for spørsmål frå salen til kandidatane.

37

38 Samansetjinga av AU blir regulert av vedtektene til Studenttinget, § 6-1. Begge kjønn skal
39 vere representert i AU. AU tiltrer i det dei blir valde.

40

41 **§ 2-2 Valkrins og valbarleik**

42 a) Studenttinget er valkrins.

43 b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

44

45 **§ 2-3 Røystelikskap**

46 Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom dei berørte kandidatane. Studenttinget er
47 valkrins. Resulterer også dette i røystelikskap, får AU og alle andre studentar som er til stades
48 i møtet røysterett, forutan organisasjonskonsulenten og kontrollkomitéen.

49

50 **§ 2-4 Fristar for gjennomføring av valet**

51 a) Alle verv i arbeidsutvalet vert valt på det siste møtet i vårsemesteret.

52 b) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.

53

54 **§ 2-5 Suppleringsval**

55 Suppleringsval vert gjennomført etter behov, og skal gjennomførast på første
56 studentingsmøte etter at eit medlem i AU har meldt avgang. Blir ein student valt inn i AU
57 same semester som det skal haldast ordinært val, treng ikkje vervet å lysast ut på nytt før året
58 etter.

59

60

61 § 3 Val av tillitsvalde

62 § 3-1 Valmåte

63 Kwart studieprogram på 30 studiepoeng eller meir per semester er valkrins for val av éin
64 tillitsvald og éin vara. Nett- eller deltidsstudium er ikkje pålagt å velje tillitsvalde. Val av
65 tillitsvalde vert gjennomført som handsopprekking eller akklamasjon. Det skal gjennomførast
66 urneval dersom nokon i valkrinsen ynskjer det. Dei tillitsvalde vert valde for eit studieår.

67

68 § 3-2 Røysterett og valbarheit

- 69 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
- 70 b) Alle studentar i valkrinsen kan stille til val.

71

72 § 3-3 Fristar

- 73 a) Valet skal gjennomførast i løpet av dei tre første vekene i haustsemesteret.
- 74 b) Valtidspunkt skal annonserast minst to dagar før valet vert gjennomført.
- 75 c) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.
- 76 d) Valresultatet skal meldast til STiV så snart som mogleg etter at valet er gjennomført.
- 77 Kontorsjef og studieleiar er ansvarleg for dette.

78

79 § 4 Val av studentrepresentantar til råd og utval ved Høgskulen i Volda

80 § 4-1 Valmåte og samansetjing

81 Universitets- og høgskulelova § 4-4 slår fast at studentar ved universitet og høgskular skal
82 utgjere minst 20 % av medlemene i alle kollegiale organ gitt avgjerslemynde ved
83 institusjonen. STiV er ansvarleg for gjennomføringa av val av representantar og varaer til
84 desse utvala. Alle registrerte studentar ved høgskulen kan stille til val. Studenttinget er
85 valkrins der ikkje anna er oppgjeve, jf. § 4-2 i valreglementet. Representantane vert valde for
86 eit studieår.

87

88 Valet vert gjennomført som urneval dersom ein i valkrinsen krev det. Akklamasjon og vanleg
89 stemmegjeving er godkjent. Nokre av utvala har spesifikke krav om samansetjing knytt til t.d.
90 kjønnsbalanse, personleg eller rekkjefylgje-vara osv. Studenttinget må sjå til å fylgje det
91 enkelte utval sine retningslinjer i gjennomføringa av valet.

92

93

94 **§ 4-2 Studenttinget som valkrins**

95 Studenttinget er valkrins for fylgjande utval: Strategisk studienemnd, Internasjonalt utval,
96 Læringsmiljøutvalet (LMU), Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar
97 (TUFO), Klagenemnda, Valstyret, Skikkanemnda og Forskingsutvalet. I tillegg er
98 Studenttinget valkrins for studentrepresentantar til styret i Studentsamskipnaden i Volda.

99

100 Studenttinget er ikkje valkrins for studentrepresentantar til Høgskulestyret. Valet til
101 Høgskulestyret er difor ikkje omfatta av Studenttinget sitt valreglement.

102

103 **§ 4-3 Representasjon i råd og utval basert på verv i AU**

104 Kwart av verva i AU er kopla til ein fast plass i ulike utval ved Høgskulen. Dette er regulert av
105 stillingsomtalanane til AU, som årleg er oppe til revidering i Studenttinget.

106

107 **§ 4-3 Røysterett og valbarleik**

- 108 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
109 b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

110

111 **§ 4-4 Fristar for gjennomføring av valet**

- 112 a) Val til råd og utval ved Høgskulen der Studenttinget er valkrins skal gjerast på det
113 første studenttingsmøtet i haustsemesteret kvart år.
114 b) Valet av studentrepresentantar til Studentsamskipnaden i Volda skjer på siste møtet i
115 vårsemesteret.
116 c) Val skal annonserast minst ei veke før vala vert gjennomført.

117

118 **§ 4-5 Suppleringsval**

119 Suppleringsval skal gjennomførast ved behov, på første studenttingsmøte etter at ein student
120 har meldt avgang frå sitt verv. Her gjeld same prinsipp som for studenttingsvalet, ved at vara-
121 representantar rykkjer opp, og varalista blir supplert nedanfrå.

122

123